

## **Rettleiing for å innhente samtykke til registrering i SOReg-N når pasienten ikkje sjølv kan lese informasjonsskrivet**

Samtykke til å delta i helseregister skal vere frivillig, uttrykkeleg og informert. Eit informert samtykke betyr at den som skal bli registrert må få tilstrekkeleg informasjon til å forstå

- kva samtykket gjeld
- kva som skal registrerast
- kvifor ein ønskjer å registrere opplysningar om pasienten

Om pasienten forstår munnleg informasjon og ein kan rekne med at vedkomande veit kva han eller ho har gitt samtykke til, er dette tilstrekkeleg for å kunne signere samtykkeerklæringa. Ein kan ta utgangspunkt i informasjonsskrivet som ligg på nettsida til SOReg-Norge og gå gjennom dette munnleg saman med pasienten.

Ved andre språklege hinder, som framandspråk eller døvblindheit, må ein ta i bruk tolketenester for å sikre tilstrekkeleg informasjon.

Når ein skal hente inn samtykket skal pasienten ha full fridom til å takke ja eller nei til å verte registrert. Informasjonen som vert gitt munnleg skal vere nøytral og ikkje legge føringar for kva pasienten skal velje. Det er også viktig å understreke at pasienten si avgjerd om å delta i registeret ikkje vil ha innverknad på behandlinga eller avgjerda om pasienten får operasjon eller ikkje.

Kjelder:

«Lov om pasientrettigheter» § 3-2, siste ledd [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63/KAPITTEL\\_3#KAPITTEL\\_3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3), Lasta ned 02.02.2016.

<http://www.kvalitetsregistre.no/samtykke/category350.html>, «Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre: Personvern og informasjonssikkerhet». Lasta ned 02.02.2016.